



Uskedalens svært lovande skijenter Ingebjørg Haugland og Kari Bråtun har denne helga vunne KM både laurdag og sundag. Dei gjekk til topps i meisterskapen for Hordaland med klassisk den eine dagen og fri den andre. Ikkje minst var det grunn til å bli imponert over Ingebjørg, som går i 17-årsklassa og måtte gå 10 kilometer denne gongen. Den oppgåva mestra ho fint, slår veteran og leiar Pål Haugland fast. for uskedalen.no

Han var ikkje sjølv med denne gongen, men det var 3 til frå Uskedalen. Dei var Johannes Haugland, Veslemøy Haugland og Solveig Haugland. Dette var eit KM for heile fylket og tevlinga er kvass med små marginar. Difor gjorde også dei yngre uskedalingane ein respektabel innsats.

Meisterskapen vart avvikla i Ulvik i framifrå vær og med godt føre.

Bileta: Pål Haugland med dei dobbelte vinnarane over og heile Uskedalen-laget under. (Foto: Svein Ove Bråtun)

